

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

NR. 3

PINSEN 1990

44. ÅRG.

FRYKT IKKE!



Vær ikke redd for jeg er med deg.
Se deg ikke rådvill omkring for jeg
er din Gud. Jeg gjør deg sterk og
hjelper deg, ja, holder deg oppe
med min frelserhånd. Jes. 41:10

Vær ikke redd på
SØNDAG

for jeg er med deg på
MANDAG
Se deg ikke rådvill
omkring på

TIRSDAG
for jeg er din Gud på

ONSDAG

Jeg gjør deg sterk på
TORSDAG
og hjelper deg på
FREDAG
og holder deg oppe med
min frelserhånd på
LØRDAG

PINSE

Joh.14,26: "Men talsmannen, Den Heilage Ande, som Faderen skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk om alt det eg har sagt dykk."

Når vi kristne feirer våre høytider, er det ikke bare en minnehøytid. Visst får vi høre et budskap om noe som er skjedd. Men samtidig er vi med på noe som skjer på nytt. Det som en gang skjedde har sin betydning for alle tider. Det gjelder alle folk. Det er noe som stadig gjentas i våre hjerter og griper inn i våre liv.

Slik er dét også med pinsen, Åndens høytid. Det innebærer mer enn å høre om åndsutgydelsen pinsdag. Vi feirer ikke bare minnet om den store dagen da Kirken ble fylt av kraft fra det høye og fikk mot til å tre fram i verden for å vitne om oppstandelsen. Nei, pinsedagen er stadig en åndsutgytingens høytid, da vi på fullt alvor ber om den hellige Ånd og i tro venter på at Gud skal utgyte ham over sin kirke - på ny.

Man kan kanskje synes at det ikke skulle være nødvendig. Vi trenger vel ingen åndsutgytelse hvis det er sant at vi har fått den hellige Ånd i dåpen. Men nå er det slik at Ånden blåser dit den vil. Vi kan ikke rá over den. Vi eier den ikke som en kapital på bankboken. Ånden finnes hos oss bare som en livgivende herre, en strøm av liv fra Gud selv, noe som stadig kommer til oss for å fylle oss på ny. Derfor trenger vi alltid å be om Åndens fornyelse, om Åndens komme til oss. Han skal være vår Hjelper, Husvaler, Trøster, Leder og Fornyrer.

Illustrasjonen på forsida er gjengitt etter løyve frå AUNE FORLAG, copyright



KJÆRE HIMMELSKA FAR, du har lovet oss den Ånd som kan fornye oss.

Du sender ham ut. Du forbarmer deg over ditt verk og lar din Ånd fylle det med kraft og glede. Så la ham komme også til oss. La ham rense oss og gjøre oss til nye skapninger, fylt av en frisk, levende nyfødt tro på deg.


KJÆRE HERRE JESUS, vi ber deg om Hjelperen som du har lovet oss, den hellige Ånd som kan lære oss alt det vi sårt trenger og minne oss om alt det du har sagt. Vi har så lett for å glemme det. La ham alltid male ditt bilde for oss og gjøre din stemme levende og varm.

DU KJÆRE HELLIGE ÅND, du som alene gjenfører og lar det evige liv blomstre i denne dødens verden, gi oss en åndens vår da alt fylles av liv, vokser og bærer frukt. Den frukt som bare du kan gi.

HERRE, du som hvert år fornyer Jordens ansikt, du kan fornye også din kirke. La det skje for ditt hellige navns skyld.

Amen.

Frå Bo Giertz si bok: "Å tro på Jesus."



»Far, er du her?«

Kjære leser!

Du har vel kanskje hørt om vesleguten som skulle sova saman med far sin. Dei låg i kvar si seng i kvar sitt hjørna av soveromet. Lyset var sløkt, og det var mørk natt.

Om ei stund hørde faren børte frå barnesenga: "Far, er du her?" "Ja, far er her," kom svaret. So gjekk det ei tid og so seier guten: "Far, her er så mørkt." "Ja, men far er her, no må du berre vera roleg." Det vart stilt ei heil tid, so far trudde at vesleguten var sovna. So lydde det atten: "Far, vender du andletet ditt denne vegen?" "Ja, guten min," svara far. "Andletet mitt vender mot deg."

Det vart stilt lenge. Av andedraget hørde far at no sov veslegut.


* * *

Men også for oss som set vår lit til vår himmelske Far, kan det verta mørkt. Det måtte vera slik Job kjende det når han seier: "Over mine stigar legg han mørker." Job 19,8.

Når smertene jagar gjennom kroppen, kjem det mørke skyer som skygger for Far. Men Gudskjelov: Far er her! og han vender andletet mot meg. Dette er noko eg må igjennom. Og det same ordet som han frelste meg med i 1944, det gjeld framleis. Joh.17,24 "Fader, eg vil at dei du har gjeve meg, skal vera hjå meg der eg er, så dei får skoda min herlegdom, som du har gjeve meg av di du elskar meg før verda vart grunnlagd."

Jau, me har noko å sjå fram til.
Vert du med?
Eg vil avslutta med Salme 103: Lova Herren mi sjel!

Helsing Jakob Neset.



50 års konfirmantar på Dale

29. september 1940 - det første krigsåret - var det i alt 43 konfirmantar i Dale kyrkje. Diverre er ein del av desse borte no. Likevel skulle det ha vore gildt om så mange som råd er, kunne samlast igjen - nesten på same dato - til gudsteneste i kyrkja og hyggeleg fest-samvar etterpå.


Vi har alle namna på konfirmantane, men mange av jentene har gifta seg og skifta etternamn, og mange er flytta her i frå.

Dersom du er ein av desse som blei konfirmert i 1940, eller at du kjenner nokon av dei og veit kor dei bur no, så vil vi gjerne høyrta frå deg.

Det er Dale sokneråd som ynskjer å få i stand denne samlinga. Andre stader i kommunen har dei vore flinkare enn her på Dale i så måte. Det nye soknerådet har sett dette høgt opp på lista over oppgåver vi vil gå inn for.

De kan ta kontakt med prestkontoret på Dale, tlf. 596120 eller formannen i soknerådet, Reidun Takvam, tlf. 596133.

Når vi har samla dei opplysningane vi treng, sender vi ut innbyding med påmelding.



STOFF TIL KYRKJEBLADET

kan sendast til sokneprestkontoret på Dale ved Reidun Takvam. Ho er å treffa på kontoret onsdag og fredag mellom k1.9.00 og 13.30. Førebels vert kyrkjebladet laga her.

Frist for innlevering av stoff til neste nr. er 18. august.

ØNSKEDIKTET

»Englevakt«

Det leikar seg two små born
ei syster og ein bror,
og det er Rolf og Ragna
so myter*seg for mor.

Dei bykser opp i brekka
i solskin og i vår,
og plukkar vene blomar
og pryder vent sitt hår.

Men Trollefjorden lura
nedunder kald og djup-.
Eit vern av kvite vengjer
då langs med stupet slær.

Det kom då mor seg bøygde
og bad for sine små.
Ei mor som bed for barnet sitt
hev englar i si makt!

(*myter seg - gøymer seg)



Sofia Bukkestein, Stammeshella,
fortel at "Englevakt" var ein
song som stod i den fyrtse lese-
boka hennar, så den er gammal og
fin! -

Ho fekk den sydd på stramei,-
og no heng den over ei lita
barneseng i Australia.

Det er også Sofia Bukkestein som har
sendt inn stykket "Til konfirmanten".



»Til konfirmanten«

Den himmelske jernbane går fra verdens-
staden til det himmelske Jerusalem.
Dette toget er Jesus Kristus og hans
hellige evangelium.

Stig i dag inn på nådens perrong, gå
like til troens billettluke og forlang
tilgivelsens billett.

Billetten er Lammets blod, og den gis
fritt og før intet.

Overlat din bagasje til den himmelske
Far. Han har lovet å bære dine byrder.
(Matt.11.28) Kofferten med urent inn-
hold, slik som synd, vantro, stolthet,
verdslyghet, må ikke medtas. Den settes
inn i godsstasjonen.

Gå inn og ta plass i Guds faste løfters
vogn. Der er sørget rikelig for passa-
sjerens sikkerhet, forpleining, lys og
komfort.

Det finnes ingen sovevogn på dette tog,
for formaningen lyder: våk og bed - at
dere ikke må falle i fristelse.

Dette tog er det eneste som går til
herlighetens land og rike. Meget snart
ruller det inn på den himmelske sta-
sjon. Skynd deg å sikre deg plass før
det er for sent.

KIRKENES SOS

Er du i en vanskelig
situasjon og har behov
for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra
kl 19.00 til 07.00



**Konfirmant-
festen på
Stanghelle
27.april**



UNDERHALDNING
VED NORUM.

"FIDES" VAR MED
OG SONG .

DIRIGENT ER HILDUR
SANDSTAD DALEN.



Speidar jenter på Stanghelle



No skal det bli lettare for jentene på Stanghelle å bli med i speidargruppa. Til no har dei som ville vera med, reist til Dale og vore i lag med speidarane der.

Vi har hatt eit kjekt speidarrom i "Mosheshuset" i fleire år, men nå står dette huset til riving snart. Då må vi finna ein annan stad å vera.

I Stanghelle bedehus er det eit høvleg lokale i "Småsalen". I tillegg vert det eit kjekt rom i 2. høgda. Med ein del dugnadsarbeid i tillegg til det som alt er gjort, kan rommet bli ferdig til hausten. Kanskje nokre fedre til komande speidarjenter vil mælda seg?

Planane våre i speidargruppa er at det skal bli to speidarpatruljer på Stanghelle: ein for jenter frå 1.-3. klasse - meisene, og ein patrulje for dei frå 4. klasse og oppover. Dei kallast stifinnarar.

Vi har mange speidarjenter på Stanghelle som også hører med til speidargruppa vår - DALE 1. Av og til er vi saman på festar, turar, konkurransar o.l. Det er fint å bli kjent med jenter som bur ein annan stad i kommunen.

Gjennom speidararbeidet ynskjer vi at jentene skal

- * oppleve naturen
- * trenast til ansvar
- * læra å samarbeida med andre
- * få vener i ulik alder
- * oppleve tur- og leirliv i inn- og utland.

Dersom du trur at dette er noko for deg, så pass på når det kjem innbyding om å vera med til hausten. Du kan også ta kontakt med Gerd Bakke som er meiseleiari, eller Reidun Takvam som er gruppeleiari.

VELKOMEN I SPEIDARGRUPPA!

PÅSKELEIR I

Me ankom Fagertun fredag kveld. Og då hadde me innkvartering på det nye internatet for fyrste gong. Etter "Blikkjent"-samling og kveldsmøte gjekk alle på romma og snart senka roen seg over plassen.

Dagen etter skein sola frå klår himmel, og straks etter bibeltimen som vart halden av Ove M. Alvheim, bar det ut på ski. Leiariane tok borna med seg opp til Lavikastølane, og der fekk dei boltra seg vel og lenge. Alle kom sultne og trøytte heim att til middag, og den natta sov alle godt.

PÅ FAGERTUN

Søndagen var det sporleik på Haugen. Om kvelden hadde me leirkveld med mykle moro. Leirkoret som bestod av nesten alle deltakarane på leiren, opptrådte med Frode Raymond Vik, musikalisk leiari, i spissen. Odd Alvheim hadde ein god andakt.

Og så kom avreisedagen, og alle hadde likt seg kjempesgodt. Dei ville koma opp igjen på fleire leirar fleire ganger.

Marit Mjelde.

Premiestilskrivaren, Torstein Gullbrå, har sendt oss dette referatet frå påskeleiren han var på på Fagertun. Sjølv om det var eit stykke om Fagertun i forrige nummer av Kyrkjebladet og, tar vi med dette for å visa aktiviteten på leirstaden, som no står fullt ferdig.

Regn, sol, vind, snø, hår, mat, ski, bordtennis og tannkrem. Viss nokre av desse orda interesserer, så foreslår eg at du lar augene følgje med litt lenger. No var det ikkje ord eg skulle skrive om denne gongen, men påskeleir II på Fagertun. Altså påskeleir og Fagertun. Fin samansetning, spør du meg. Leiren starta midt i påsken, rettare sagt på onsdagen. Utpå onsdag ettermiddag troppa ein gjeng med ungdommar opp, og smatt inn i det nye internatet. Alle namna var slått opp på dørene, så all slossing omkring romfordelinga vart unngått. Etter at alle hadde lagt i frå seg bagasjen og verkeleg inntatt det nye huset, kunne leiren begynne.

Alle likte seg frå første stund, og første kvelden vart brukt til å bli betre kjent med kvarandre. No kan me ikkje ta for oss heile leiren minutt for minutt, for då hadde det tatt ganske nøyaktig seks dagar. Seks dagar er ganske lenge lenge å vere på leir, men då leiren var slutt, kunne han gjerne vart nokre dagar til. Dagane vart brukt til så mykje rart, og det var fullt kjør nesten heile tida. Ein naturleg del av programmet var at me skulle ut på ski. "Men snø då?" kan du spørje. Jo, snø var det utruleg nok nok av. Men snøen vart brukt på forskjellige måtar. Nokre valde å bruka timane i skitrekket i Haugen, mens andre valde å gå på tur. Nokre valde til og med å bli att på Fagertun og ikkje gjøre nokon ting.

Ein annan naturleg del av programmet var bibeltimane. Påske er tross alt påske, og me feirer ikkje påske berre for å gå på ski og ha det fint. Skrur me tida ca. 1960 år tilbake, hadde påsken eit heilt anna ansikt. Det må me huske på. Det var Odd Alvheim som heldt bibeltimane, og han gav oss viktige ting å tenka på mellom slagene.

PÅSKELEIR II PÅ FAGERTUN

Langfredag var den finaste dagen denne påskehelga. Då vakna me opp til solsong eller fugleegløtt, eller omvendt, og alt såg bra ut. Nokre valde å bruke den fine dagen til å reise i kyrkja på Flatekval, mens andre var ute på ski eller på fottur eller kvar som helst utanfor dei fire veggane på Fagertun. Ut over dagen seig fleire og fleire tilbake til Fagertun, og dei som hadde vore lengst ute i sola, kunne stolt vise fram den så etterlengta brunne fargen som måtte stellast etter alle kunstens reglar resten av leiren.


Besøk hadde me nesten heile tida i løpet av leiren. Nokon kom berre nett innom, mens andre blei ei stund.

1. påskedag hadde me planlagt stort besøk på Fagertun, for då var det nmlig ope møte på "tunet". Flagget var heist og stemningen var fin. Møtet vart gennomført med song av leirkoret, tale av Odd og til slutt var ordet fritt. Eit fint lite arrangement, men det var ikkje så alt for mange som hadde funne vegen til Fagertun denne fine dagen.

Så var det altså slutt på påskeleir II dette året også. Men vent litt, eg trur eg har gløymt noko. Det var nmlig fleire på Fagertun i løpet av leiren. Dei kjempa ein stille kamp i kjellaren, og resultatet var at alle kunne føle seg gode og mette. Dei skal ha all ære for god mat, og spiselige overraskelser om kveldane.

Og så vart det då slutt til slutt. Ein påskeleir kan ikkje vara evig, veit du. Men no når det er nytt internat, blir det vel ikkje så lenge til neste gong me kan samlast på Fagertun. Me håpar gjengen vil vekse til neste gong, og at fleire kan ta seg ein tur til Eksingedalen og Fagertun.

Torstein Gullbrå.



BARNESIDE


MENNESKEFISKAR

Hugsar du dei 12 mennene som var saman med Jesus? Eg tenker på lærersveinane. "Følg meg, så skal eg gjera dykk til menneskefiskarar," sa Jesus til dei. Dei fylde Jesus. I denne tida fekk dei oppleva mykje og læra mange ting av Jesus. No nærma tida seg då Jesus skulle attende til himmelen. Jesus hadde sagt at lærersveinane skulle vera menneskefiskarar. Kva meinte Jesus med det? Ja, dei skulle fortelja om Jesus — forkynna evangeliet — for alle menneske. Jesus er glad i alle og vil at alle skal få høyra om det han har gjort for oss. Alle må få høyra om Jesus. Frelsaren vår. Jesus ønsker at vi og skal følge han og tru på han. Han har ei oppgåve til oss og. Menneskefiskarar har Jesus bruk for i dag og.

Hei!

Sjå på teikningane og finn rette tuta.

Skriv orda inn i kryssordet.



Kva ord finn du mellom pilane?

RIDIUS SKUTREIT.

SOMMARLEIRAR

DET NORSKE MISJONSELLESKAP

NMS ønsker velkommen til heile 10 ulike misjonsleirar i sommar. Bli med på leir og opplev misjons- og bibeltimar, leirbål, bading, kanopadling, konkurransar og mykje, mykje meir.

Ta kontakt med Det Norske Misjonsselskap, Bergen krets, Øvre Korskirkealm. 9 5017 Bergen, tlf. 310061 og du vil få fleire opplysningar.

BARNELEIRER:

1. 16 - 20 JUNI	KVAMSHAG	9 - 12 ÅR
2. 21 - 24 JUNI	KVAMSHAG	9 - 12 ÅR
3. 21 - 24 JUNI	KVAMSSETER	11- 13 ÅR
4. 21 - 24 JUNI	ØVREBYGDA, FITJAR	9 - 12 ÅR
5. 26 - 30 JUNI	KVAMSHAG	9 - 12 ÅR
6. 16 - 20 JULI	BRANDØY	4 - 6 KLASSE

TENARINGSLEIRER:

7. 16 - 19 JUNI	BÅLEIR MED "RIND" FRÅ 8 KLASSE
8. 16 - 20 JUNI	KVAMSSETER

FAMILIELEIRER:

9. 13 - 17 JULI	ÅLVÆRA, LAVIK	FAMILIELEIR
10. 9 - 12 AUG.	KVAMSSETER	BARNEBARN OG BESTEFORELDRE

BERGENS SØNDAGSSKOLEKRETS OG DEN NORSKE SANTALMISJON

"BARNEBARN-BESTEFORELDRELEIR"

Bergens Søndagsskolekrets og Bergen krets av Den Norske Santalmisjon inviterer barnebarn og besteforeldre og tanter/onkler med nevøer/nieser til leir i sommar.

STAD: Sotraheimen leirstad, Foldnes på Sotra.

TID: 9.-12. august 1990

FOR PROGRAM/NÆRARÉ OPPLYSNINGAR ta kontakt med Santalmisjonen, Øvre Korskirkealm. 5. tlf. 316090

PÅMELDINGSFRIST: 27. juli 1990



Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:
Inge Christian Meidell
tlf. 59 61 20

Res. kap.:
Kjell Arne Norum
tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin fridag!

FJELLVANDRINGSLEIR PÅ FAGERTUN


TID: 24.-26. august

Har du lyst til å gå i fjellet, ligga i telt, drive med kanopadling og skal byrja i 8.klasse til hausten, kan du vera med på fjellvandringsleir.

NÆRARÉ OPPLYSNINGAR OM LEIREN KAN DE FÅ VED Å TA KONTAKT MED ODD ALVHEIM, tlf. 595058

SLEKTERS GANG*Vigde*DALE

- 31.03 Frank Birger Hvidsten
og Mette Stanghelle
12.05 Arild Kåre Bjørkheim
og Anne Wefring

*Avlidne*DALE

- 10.04 Ragnar Johan Rønhovde f.1925
14.04 Birgit Flage f.1921
09.05 Karl Brudvik f.1904

VAKSDAL

- 02.05 Inga Jacobsen f.1906
05.05 Astrid Gundersen f.1903

*Døypte*DALE

- 01.04 Christoffer André Herland
15.04 Camilla Therese Jordalen
22.04 Veronica Takvam
22.04 Therese Steinsland Boge
22.04 Joakim Olsnes

VAKSDAL


- 22.04 Eirin Herfindal

STAMNES

- 13.05 Anne Marie Zuliani Aasgard
13.05 Odne Kallestad Dyvik

BERGSDALEN

- 13.05 Jostein Bergo

**NYTT FRÅ SOKNERÅDA!**

Dei nyvalde sokneråda har nokre få månader bak seg, og det er nok litt av kvart dei har måtte sett seg inn i. Nokre saker fekk dei overlatt frå det forrige soknerådet. Andre saker har dei tatt opp på eige initiativ. Arbeidslause vert dei iallfall ikkje, for det er mykje som skal gjerast.

Ein gong i månaden kjem formannene i kvart sokneråd saman til møte i Kyrkjeleg fellesråd. Der er det særleg budsjettarbeid, prioritering av vedlikehaldsarbeid ved dei mange kyrkjene og gravplassane våre, investeringsoppgåver m.m..

Formannen i fellesrådet er i år Harald Neset som også er formann i Stamnes sokneråd.

I Kyrkjebladet vil vi gjerne få fram nokre av dei sakene som dei ulike sokneråda arbeider med. Det er sendt oppmoding til dei om å delta aktivt med informasjon i bladet, slik at kontakten kan knytast til kyrkjelyden.

For å nemna nokre få saker kan vi fortelja at:
VAKSDAL SOKNERÅD har mykje arbeid med å skaffa nytt orgel og ny organist.
STAMNES SOKNERÅD ynskjer nye vindauge i kyrkja på Stamnes og ventar på at riksantikvaren skal koma på synfaring slik at dei kan bli einige om løysinga.
EKSINGEDELEN SOKNERÅD vil ha preikestolklede i liturgiske farger.
DALE SOKNERÅD ynskjer puter i kyrkjebenkene og planting på gravplassen på Dale.

Så får vi fylgja med og sjå korleis sakene blir løyst.

FASTE-AKSJONEN**«BRØD FOR VERDA»**

Før påske var det "dør-til-dør"-aksjon for Kirkens Nødhjelp sin faste-aksjon nokre stader i kommunen. Vaksdal har hatt tradisjon med dette i fleire år, og resultatet der var kr. 19.013,30.

På Dale og Stanghelle var dette heilt nytt, og her vart resultatet kr. 16.421,50.

I tillegg har det vore ofringar i dei fleste kyrkjene til Kirkens Nødhjelp.

Vi vil her få takka alle som har vore med og gitt sitt bidrag til aksjonen.

Men hungerskatastrofen i Etiopia er større enn nokon gong, men den blir lett gløymt når andre og nærmare katastrofer blir omtala i media.

Vi treng ikkje venta til neste års faste-aksjon for å stø arbeidet som Kirkens Nødhjelp driv. Kanskje skulle vi ha ei "heilårs-bøsse" og ikkje berre ei fastebøsse?

KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

- Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 50,-
Postgiro 5 72 34 73
Bankgiro 3500.50.13117
Bladstyrar: Reidun Takvam
Boks 116
5280 Dalekvam
Tlf. 596133
Kasserar: Asle Georg Karlsen,
Boge, 5270 Vaksdal
tlf. 59 72 32
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

**Bruk pengene
der de trengs**

Postgiro 5 20 09 02
Bankgiro 6029.63.25050

KIRKENS NØDHJELP

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

VELKOMEN TIL KYRKJE

3. juni - 1.pinsedag

DALE kl.11.Norum.Nattv.Offer til
Israelsmisjonen.
STAMNES kl.11.Meidell.Nattv.Offer
til Norsk Luthersk Misjonssamband.

4. juni - 2.pinsedag

VAKSDAL kl.11.Meidell.Nattv.Offer
til nytt orgel.
NESHEIM kl.11.Norum.Nattv.Offer til
Dale Indremisjon,nytt bedehus.

10. juni - Trieiningssundag

DALE kl.11.Meidell.Offer til Bjørg-
vin Bispedømmes Familierådgivingskont.
VAKSDAL kl.12.Fitjavass-stemna.Aase.
EIDSLAND kl.11.Norum.Nattv.Offer til
soknerådsarbeidet.

17. juni - 2.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.
EKSINGEDELEN kl.11. Norum.Nattverd.
Offer til Kirkens Sosialhjelp

24. juni - 3.søndag etter pinse

VASSBAKKEN-STEMNA kl.11.Meidell.Norum.

1. juli - 4.søndag etter pinse

DALE kl.11.Meidell.Nattverd.
NESHEIM kl.11.Prost Østtveit.Nattv.

8. juli - 5.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11.Prost Østtveit.Nattv.
EIDSLAND kl.11. Meidell.Nattverd.

15. juli - 6.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Meidell.Nattverd.
Offer til Kristeleg Kringkastingslag.
STAMNES kl.19.Meidell.Nattverd.

22. juli - 7.søndag etter pinse

DALE kl.11.Meidell.Nattverd.



29. juli - 8.søndag etter pinse.Olsok.

EKSINGEDELEN kl.11.Norum.Nattverd.
VAKSDAL kl.19. Norum.Nattverd.

5.august - 9.søndag etter pinse

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.
NESHEIM kl.16.Norum.Nattverd.

DALE kl.19.Prost Knutsen.Nattverd.

12.august - 10.søndag etter pinse

BERGSDALEN kl.11.Bergsdalsstemna.
Familiegudst.Norum.
EIDSLAND kl.19.Stiftskap.Morland.Nattv.

19.august - 11.søndag etter pinse

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.
DALE kl.19. Norum.Nattverd.

26.august - 12.søndag etter pinse

STAMNES kl.11.Meidell.
EKSINGEDELEN kl.11.Norum.

2.september - 13.søndag etter pinse

STANGHELLE kl.11.Søndagsskolens dag.
Familiegudst.Norum.

Har du bil?

Ta andre med deg
når du kører til
kyrkje!!!

